



Endre Romarheim  
Romarheimsneset 32  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1454 - 17/19026

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
05.07.2017

## Utsleppsløyve for bustad - gbnr 217/78 Romarheim

**Administrativt vedtak. Saknr: 314/17**

**Tiltakshavar:** Endre Romarheim  
**Ansvarleg søker:** Stendal VVS AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for ny bustad på gnr. 217 bnr. 78. I samsvar med søknaden skal utsleppet frå eigedomen reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning som går ttil sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.05.2017.

#### Planstatus

Omsøkte tiltak ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. Delar av omsøkte leidningstrase er plassert innanfor den generelle byggjeforbodsgrensa mot sjø, jf pbl § 1-8.

Det vert vurdert at tiltaket er i samsvar med gjeldande arealføremål og heller ikkje i strid med byggjegrensa langs sjø, jf skriv frå KMD datert 10.06.2016. Etablering av avlaupsanlegget vurdert å vera omfatta av dispensasjonshandsaminga knytt til søknad om etablering av bustad. Det er elles lagt til grunn at leidningen er nedgravd, terrenget vert reetablert og arealføremålet ikkje vert sett til side.

#### Nabovarsel

Det er opplyst at søknaden er nabovarsla saman med søknad om oppføring av bustad på eigedomen. Det ligg ikkje føre merknader. Kommunen legg til grunn at tiltaket er tilstrekkeleg varsla.



## **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 10.05.2017.

## **Reinseløysing**

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

## **Drift og vedlikehald**

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

## **Privatrettslege tilhøve**

Slamavskiljaren er plassert på eigen eigedomen , medan utsleppsleidningen vert lagt over gbnr 217/3 fram til tilknytingspunkt til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.

Det ligg føre avtale datert 20.05.2015, mellom tiltakshavar Endre Romarheim og Johannes Romarheim (eigar av gbnr 217/3), der tiltakshavar får rett til å «anskaffe vatn og kloakk» i nærområdet til eigedomen gbnr 217/78.

Det ligg føre erklæring med rett til å nytta eksisterande avlaupsleidning som går til sjø, frå eigarane av gbnr 217/65, 217/66, 217/67.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

## **Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning**

Det er gitt utsleppsløyve for eksisterande utsleppsleidning i samband med godkjend frådeling av eigedomane gbnr 217/65, 217/66 og 217/67, jf vedtak i bygningsrådet 19.04.1995 og vedtak i formannskapet 22.08.1996.

## **VURDERING**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 10.05.2017.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Tiltaket vert handsama som del av søknad om oppføring av bustad på eigedomen, jf arkivsak 17/1220.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr 217/78 på følgjande vilkår:**

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett, nedgraven leidning til eksisterande avlaupsleidning som går til sjø.**
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.**
- 3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**
- 5. Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova kap 20.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1454

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Ing Taule AS	Kvassnesvegen 33	5914	ISDALSTØ
Stendal Vvs AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND

### **Mottakarar:**

Endre Romarheim	Romarheimsneset	5994	VIKANES
	32		